

Vekeplan 9. trinn

Veke 38 og 39

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	• Kunna skriva stillingsannonsar • Kunna skriva søknad • Øva på sidemål
Engelsk	• Reading, writing and speaking about health and well-being • Using prepositions • Using linking words • Engage with five-paragraph texts.
Matematikk	• Rekna ut gjennomsnittsverdi • Finna median • Finna typetal • Rekna ut variasjonsbreidd • Finna og vurdera ulike sentralmål • Laga linje-, stolpe- og sektordiagram • Lesa av og tolka diagram • Laga enkle budsjett og rekneskap i rekneark
Samfunnsfag	• Vurdera korleis arbeid, inntekt og forbruk kan påverke personleg økonomi, levestandard og livskvalitet • Utforska korleis teknologi har vore og framleis er ein endringsfaktor, og drøfte innverknaden teknologien har hatt og har på enkeltmenneske, samfunn og natur
KRLE	• Få innsikt i sentrale trekk ved buddhismen • Utforska nokre viktige buddhistiske tekstar • Utforska utbreiinga av buddhismen i Noreg og verda i dag • Reflektera over aktuelle spørsmål som mange buddhistar er opptekne av
Naturfag	• Utforska nokre kjemiske reaksjonar og vurdera tryggleikstiltak som er knytt til forsøka • Bruka periodesystemet til å forklara nokre eigenskapar for metall, molekylbindingar og salt
Spansk	• Kunna snakka om noko som skal skje • Læra litt om Colombia og kulturen • Bli kjent med heimen og gloser i forhold til heimen
Tysk	• Kunna viktige årstal i tysk historie • Kunna haben og sein i preteritum • Kunna adjektiv om ein person
Eng fordj	• Arbeida med Film review, skriv ordliste diktat (læreboka s.20)
Arbeidslivsfag	• Bli kjent med arbeidsplassen • Læra nye arbeidsoppgåver og bli kjent med andre ansatte i bedriften
Kroppsøving	Orientering: • Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar. • Forstå fleire typar kart og digitale verktøy og bruka det til å orientera seg i kjente og ukjente miljø

	Innsats: • Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre • Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre.
M&H	• Planleggja og bruka eigna reiskap, teknikkar og matlagingsmetodar til å laga trygg og berekraftig mat som gir grunnlag for god helse • Bruka sansane til å vurdere kvaliteten på matvarer, utforska og kombinera smakar i matlaginga og forbetra oppskrifter, menyar og anretning av mat
Musikk	• Kunna fleire norske folkedansar. Siste vekeplan før nytt tema.
Kantine	• Vita kva vurderingskriteria for faget er • Planlegga dei praktiske øktene • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med budsjett, rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal • Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter
Fysisk aktivitet	• Øva på ulike rørsleaktivitetar åleine og saman med andre • Godta at folk er ulike i rørsleaktivitetar, samarbeida godt og oppmuntra andre til å vera med
Friluftsliv	• Ha rette klede etter veret • Jobba med sporlaus ferdsel • Øva på ulike rørsleaktivitetar åleine og saman med andre
Design/redesig n	• Kunna utarbeida idear og løysingsalternativ og vidareutvikle dei til eigne produkt.
Innsats for andre	• Finna ut noko om ein frivillig organisasjon
Olweus	• Me arbeidar med trygt og godt læringsmiljø • Me helsar på kvarandre • Me jobbar med korleis me snakkar til kvarandre

INFORMASJON TIL HEIMEN
Foreldremøtet Tusen takk for godt frammøte på foreldremøtet. Referat frå møtet ligg på heimesida.
Heimesida Hugs å abonnera på nyheiter på heimesida.

Nasjonale prøvar

Me har gjennomført nasjonale prøvar i rekning og lesing. Elevane har jobba godt og tatt undesøkinga alvorleg. Me er spente på resultatane, og håper at elevane har hatt god utvikling sidan i fjor. Viss resultatane er klare, vil ein få dei på utviklingssamtalen.

Viktige datoar

Legg inn i kalenderen desse datoane:

Foreldremøte Sterk og klar tysdag 4. november kl 18.00-19.30

Elevbedriftsmesse onsdag 12. november kl 17.00-18.30

Helsing oss på 9.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Matematikk	Skriftleg prøve i kapittel 1: Statistikk	Karakter	Onsdag i veke 38
Tysk	Skriftleg prøve	Karakter	Tysdag i veke 39
Engelsk	Skriftleg prosesskriving	Karakter	Veke 38 og 39

HEIMEARBEID VEKE 38

Norsk	Les 3 * 20 minutt i boka di. Legg inn kor mange sider du har lese, og skriv eit lite samandrag på OneNote i slutten av veka.
Engelsk	Make a starter sentence for each of the paragraphs in a five paragraph essay. The theme for your imagined text should be Happy and Healthy.
Matematikk	Bruk målarket og gjer ferdig undervegsvurderinga så du er førebudd til kapittelprøve på onsdag.
Samfunnsfag	1. Kvifor jobbar me? Kan du koma på grunnar til at enkeltpersonar må jobba, og kvifor samfunnet treng at me jobbar? 2. Sjå for deg at de skal starta eit nytt samfunn på ei øy der ingen bur frå før. Kva for jobbar treng samfunnet dykkar?
KRLE	Les om å leva som buddhist på s. 126 til 130 i Store Spørsmål og gjer oppgåve 1-4 s. 131. Hugs å lever på OneNote.
Spansk	Gloseprøve på tirsdag. Verbet IR. Finn glosene på ON Spansk 9ABC finn lekse på ON.
Tysk	Skriv adjektiva ned som står nedst på s. 24. (glücklich, nett, müde osv.) Lag ei setning til kvart adjektiv.
Eng fordj	Oppgåver på ark (jobba med preposisjonar)
Kroppspøving	Uthald:

	Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>ute</u>.
Musikk	Ver nøye på takt, trinn og overgangen mellom turane, når me nå går mot slutten av perioden med norske folkedansar.
M&H	På kjøkken: Me skal laga hamburger, hamburgerbrød, grønnsaker og dip Teori: Kapittel 2+3: Mat for glede og god helse
Kantine	Vegard si gruppe møter på kjøkken. Hugs innesko, hårstrikk, iPad og forkle Anne Marie si gruppe møter i 9A sitt klasserom. Hugs iPad.
Fysisk aktivitet	Alle møter i Timehallen
Friluftsliv	Sjå teams.
Innsats for andre	Jobba med presentasjon om ein frivillig organisasjon

HEIMEARBEID VEKE 39	
Norsk	Les 3 * 20 minutt i boka di. Legg inn kor mange sider du har lese, og skriv eit lite samandrag på OneNote i slutten av veka.
Engelsk	Record yourself reading the first two paragraphs of the text " Powerful Emotions. "
Samfunnsfag	Sjå ei nyheitssending i løpet av veka: Dagsrevyen 21 - NRK TV . Skriv 3 setningar om to av nyheitssakene
KRLE	Lag eit tankekart eller ei oppsummering over det du har lært om buddhismen. Dette kan du bruka då du skal førebu deg til prøven som skal vera neste veke. Lever på OneNote.
Naturfag	Teikn eit karbonatom og få med kva for partikler atomet består av. Bruk periodesystemet på s. 255 og finn kva for ei gruppe og periode karbon er i, og forklar kvifor. Lever på OneNote.
Tysk	Førebu deg til prøve tysdag. (Sjå målar)
Eng fordj	Oppgåver på ark (jobba med prepoisjonar)
Kroppsøving	Uthald: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>ute</u>.
M&H	På kjøkken: Me skal laga hamburger, hamburgerbrød, grønnsaker og dip Teori: Kapittel 2+3: Mat for glede og god helse
Musikk	Ver nøye på takt, trinn og overgangen mellom turane, når me nå går mot slutten av perioden med norske folkedansar.
Kantine	Anne Marie si gruppe møter på kjøkken. Hugs innesko, hårstrikk, iPad og forkle Vegard si gruppe møter i 9A sitt klasserom. Hugs iPad.
Fysisk aktivitet	Sjå teams
Friluftsliv	Sjå teams.
Innsats for andre	Førebu deg til munnleg presentasjon om ein frivillig organisasjon.